



Indre Nordfjord Turlag



Årsmelding Indre Nordfjord Turlag 2024

Sunddalen



Vetledalssetra



Segestad



Stol



Indre Nordfjord Turlag - Årsmelding 2024

Årsmøte 2023 vart halde på Stryn Vidaregåande Skule torsdag 16.november. 26 fram møtte fekk med seg årsmøtet med servering /vanlege årsmøtesaker og ei orientering frå organisasjonssekretær Hanne Bruaas DNT Sogn og Fjordane, tema: Sentralt arbeid og endringar i organisasjonen og ulike tilskuddsordningar. Alle som stod på val i hovudstyret tok attval. Det vart også tatt attval på Olav Auflem som styreleiar. I Barnas Turlag takka Hilde Cecilie Smørddal og Siv Myklebust for seg, inn kom Sofie Amalie Heggdal og Leni Løvdøen Grebstad. I Gå-laget vart det attval og i tillegg vart Dagny Valaker innvalgt som 5. medlem av styret der. I hyttestyret Vetledalssetra vart det attval. Ansvarlege for Infimus Arne Heggstad og Hans Støle takka for seg, og ansvaret vart lagt inn under Rute/Sti – hytteutvalet. Torstein Berge og Tor Guddal har påtatt seg ansvaret vidare her.

Turlaget har hatt mange arrangement/turar/prosjekt i 2024. Dei største prosjekta har vore restaurering av INT- hytta på Vetledalssetra og prosjektet På tur i Oppstryn (3-årig prosjekt i samarbeid med Oppstryn Bygdeutviklingslag). Også i år fekk vi til eit arrangement i samarbeid med Flyktingtenesta i Stryn Kommune, denne gongen med besøk til Nasjonalparksenteret og grilling/bading/kano – og Supbrettesting. Midtsommars fekk vi besøk av stortingspresidenten Masud Gharakhani som vi saman med mange frå Gå- laget fekk gjennomført ein nærtur i område etter ynskje. Veldig kjekt å bli kontakta av sekretæren om å arrangere tur.

Medlemstalet i organisasjonen er aukande. Pr. 1/10 -2023 hadde vi 540 medlemmar. Ny telling oktober 2024 viser 594 medlemmar – ein auke på 54 - kjempeflott.





Indre Nordfjord Turlag



Styre- og utval 2024

Leiar	Olav Auflem
Nestleiar	Odd Henrik Berge
Sekretær	Anne Notøy
Økonomiansvarleg	Idar Skogli
Styremedlem	Bente Sunde
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Eva Guddal
1.vara	Pål Taraldsen
2.vara	Jan Skaare
Revisor	Jon Valaker

Barnas Turlag: Terese Sunde (leiar) Sofie Amalie Heggdal, Siv Merete Aasebø, Leni Lørdøen Grebstad, Veronica Hilde.

Hyttestyret Vetledalssetra: Stig Skåre/Per Jakob Kyrkjeide/Olav Solheim og Dag Greidung

Rute/sti-hytteutval: Olav Auflem, Tor Guddal, Lars Raae, Per Jakob Kyrkjeide, Asbjørn Berge, Torstein Berge.

Gålaget: Eivind Skjerven, Oddmund Teigland, Pål Taraldsen, Berit Hisdal Lunde, Dagny Valaker.

Valnemd: Jan Træen, Siv Myklebust, Hilde Cecilie Smørddal



Indre Nordfjord Turlag



Helgaturane 2024

Det har blitt gjennomført i alt 14 turar med 84 deltakarar i 2024.


Av desse var 8 vinterturar med totalt 55 deltakar. Dei fleste av vinterturane er topturar på ski men vi har og hatt 1 trugetur og 1 fullmånetur. På turen til Trollaksla i Hornindal var det 15 stk som var med.

Sommarturane har blitt prega av det dårlige været i august der alle turane blei avlyst. Totalt blei det gjennomført 4 sommarturar med totalt 29 deltakarar. Best oppslutning var det på turane til Vetvika og til Skruvane.

I 2024 blei heile 13 turar avlyst og det må vel være rekord. Vi får håpe det blir lenge til den rekorden blir slått.



På toppen av Skruven 1584 moh.



Vi hadde nokre toppтура i 2024, men ein del vart avlyst pga dårleg vær og skredfare.

Turen til Lodalskåpa vart dessverre avlyst i år, også på grunn av usikre værmeldingar.





Årsmelding Barnas Turlag INT 2024



Styret:

Siv Merete Aasebø, Veronica Hilde, Sofie Amalie Heggdal, Leni Løddøen Grebstad og Terese Sunde (leiar).

Møter:

Vi har hatt to fysiske møter, samt to videomøter på messenger. I tillegg har det vore mykje kommunikasjon på messenger i forkant av arrangement. Det er ønskeleg at flest mogleg av styremøta er fysiske møter, fordi det gir ein sterkare tilhørighet og motivasjon.

Leiar har i tillegg delteke i hovudstyret sine styremøter.

Dokument, e-post og Teams:

- Den personuavhengige e- postadressa bt.indrenordfjord@dnt.no er tatt i bruk og fungerer godt.
- Å ha alt av dokument samla på google disk fungerer godt. Alle i styret har tilgang og kan opprette og redigere.
- I fjor fekk Barnas Turlag INT eige team under DNT på Teams. Denne har vi ikkje brukt. Det vil vere ryddigare å la kommunikasjon omkring planlegging foregå der og det bør vere eit mål for 2025.

Marknadsføring

Det er mykje å velge i for barnefamiljar i Indre Nordfjord. Dette gjer marknadsføring til ei spesielt viktig oppgåve for oss.

- Vi brukar i hovudsak facebook og instagram-sidene til Barnas Turlag INT for å nå ut til foreldrene til barna i målgruppa, både ved å skrive innlegg, lage arrangement og opprette "historier".
- Vi prøver å lage plakatar som vi heng opp i barnehagar, skular og sfo i forkant av nokre av arrangementa, då det erfaringsmessig aukar deltakinga viss barna ser bilde og beskriving sjølve også.
- Vi har QR-koder til facebookside og instragramside. Desse kodane brukar vi på skriftleg materiell der vi ønskjer å redusere mengde tekst og heller sende mottakeren rett til sida vår. Vi har også klistremerker med Qr-koden på alle turbotrimpostkassene. Dette sparar oss for jobb då vi slepp å oppdatere papir-info i kassene.
- Samarbeid med Voksne For Barn.

Ustyr:

5 akematter vart kjøpt inn og står på lageret i tribunebygget til Stryn stadion.

Kurs:

Siv Merete, Leni, Veronica og Terese deltok på friluftsrretta førstehjelpskurs med Stryn Røde Kors i februar.



Turar og arrangement 2024

Februar: KDU-dag Ullsheim

April: Kick-off tur til Verlostøylen

Mai: Kano på Ulvedalsdømmene

Juni: Gråberg

August: Blåvatnet

September: KDU- dag, sykkel dag ved nausta i Stryn. Ferdighetsløype, sykkelorientering og grilling.

Oktober: Tyva/Haugasetra

November: Lommelykttur Spjelkabu med grilling, teoretiske og praktiske oppgåver undervegs.

Det har vore lite deltaking på vanlige turar, medan arrangement og turar der det skjer noko ekstra er meir populære. Dette tek vi hensyn til og endrar tilbodet i 2025.

I tillegg ser vi ein trend der deltakarane våre blir yngre. Vi når flest under 8 år.

Turbotrimmen:

Vi har 21 turbopostkasser med bok som ligg ute heile året. Sesongen for turbotrimmen er mai- oktober. Vi held tilsyn med kassene og skifter ut bøkene ved behov. Vi ser ein god trend der det også i år er ein oppgang i innsendte skjema i turbotrimmen. 15 stk som har gått 10 turar og 14 som har gått 5 turar. I tillegg er det mange som skriver seg i bøkene utan å sende inn skjema.





Gå-laget – årsrapport for 2024

I 2024 har vi gjennomført 10 turer og totalt har 126 personer vært med på turene. Turene har også i år gått annenhver onsdag med start fra Strynehallen kl 1100.

Flest var vi på den første turen (24/4) som gikk ute på Holmøyane med 21 deltagere. Her fikk vi se gamlebutikken og vi fikk også en god orientering av det som pågikk i fabrikken (Feel Free Production). Turen gikk på den nylig opparbeidede turveien helt nede ved vatnet forbi en splitter ny ute-do før vi spiste matpakka vår i ei like ny grillhytte nede i Gjeilefjæra.

Siste turen var 2/10 ute på Lotsberg hvor vi besøkte ytre og indre Åsane gård. Vi gikk i nydelig høstvær gjennom et flott naturreservat med helt spesielle forekomster av edellauvskog. Gårdene har tidligere vært besøkt av Oddgeir Bruaset.

I gjennomsnitt har vi vært 13 deltagere på tur noe som tilsier en dobling ift 2022 og 2023. 40 turgåere har vært med på en eller flere av turene (mot 25 i 2023).

Også i år var styret i gå-laget godt representert når INT arrangerte «flyktninge-dag» i fjæra ved Nasjonalparksenteret fredag 24de mai. Det ble mange turer på vannet med kano og SUP-brett. Etterpå var det godsaker fra grillen.

For oss i styret går vi løs på en ny sesong med friskt mot. Det er fortsatt mange som sier at det er viktig for dem at gå-laget eksisterer og vi håper dette vil føre til en enda bedre oppslutning framover.

Styret i gå-laget har i 2024 bestått av Eivind Skjerven (leder), Oddmund Teigland (nestleder), Berit Hisdal Lunde (styre-medlem), Dagny Valaker (nytt styre-medlem) og Pål Taraldsen (sekretær).

De fleste i styret har nå Ambassadør-kurs, Nærturlederkurs og Førstehjelpskurs.

- Annonsering i år har skjedd gjennom:
 - Små annonser i tirsdags-Fjordingen
 - Annonsering (og oppsummering) i INT's facebook-gruppe
 - Annonsering på INT's hjemmeside
 - Kurs gjennomført i 2024:
 - Førstehjelps-kurs ble arrangert 16/2-17/2 i regi av Stryn Røde Kors
- Møter i 2024:
- 2 styre-møter (på biblioteket)
 - Oppsummeringsmøte for 2024 og planleggingsmøte for 2025 (på Isehaug)

Bilder fra Lotsberg (edellauvskogen og Indre Åsane gård)



Bilde fra turen til Hogden (Vinsrygg)





Rute/Sti og Hytteutvalet – årsrapport 2024

Årsrapporten omfattar både store og små dugnadsprosjekt som er gjennomført i 2024. Dei to største har vore På tur i Oppstryn (3- årig prosjekt i samarbeid med Oppstryn Bygdeutviklinglag) og Restaurering av hytta på Vetledalssetra etter avtale med grunneigar Svann Jarle Mykløen. Opprydding på setrevollen Vetledalssetra og rydding av stranda ved Nasjonalparksenteret.

Infimus:



På Infimus var det ettersyn hausten 2024 av Tor Guddal og Torstein Berge. Nytt brannslukkingsapparat og ny røykvarslar vart montert. I 2025 vert nye gassbeholdarar og ny lampeolje frakta opp, samt at det vert tatt høgde for å få beisa oppatt ein del av hytta (spesielt austveggen). Ein vil også få på plass skilt til «toalettplassen» og eventuelt anna som måtte dukke opp. Det vart samtidig oppattmerke ein del av T – merka langs stien.

Opprydding stranda ved Nasjonalparksenteret:

Årleg kvart år har INT tatt på seg rydding av stranda ved Nasjonalparksenteret. I år var der så mykje rusk at vi kveikte fleire bål langs stranda. Dei største kubbane køyrde vi bort. Etter endt jobb vart det høve til å teste supbretta, og matsservering stod Matstova for. Ei flott strand å nytte ein fin ettermiddag/kveld. Her er mykje sol på kveldstid og då låner også INT ut kanoar og supbrett som ligg i Naustet. Grillane står også til disposisjon.



Hytta på Vetledalssetra:

Det har vore rydda rundt område på setrevollen i samarbeid med Nasjonalparken. Rusk og rask er blitt tatt ned med helikopter og køyrt til Miljøstasjonen. Opp fekk vi material til gangbruer mellom Vetledalssetra og Infimus/ny dør og vindu til underetasjen hytta og ein del material til innvendig bruk i restaureringsarbeidet. Nytt kjøkken er montert 95 % på dugnad, litt innleigd hjelp til monteringa. Då ein har spart pengar gjennom dugnadsarbeidet har vi etter avtale også fått bestilt Solcellepanel som vert montert vår/sommar 2025. Kjøkkenet vart bore opp fysisk, mange stilte opp dugnadskvelden 5.august. I tillegg har det blitt frakta opp ting jamleg gjennom hausten av hyttestyremedlemmar og andre . Totalt til no er det brukt ca 600 dugnadstimar, noko som tilsvarar ein verdi på rundt **250.000.00**, utruleg viktig å ha engasjerte og villige dugnadsgjengar når ein set i gang slike prosjekt. Innvendig er det no lagt nytt golv kjøkken og gangparti, det er montert nytt kjøkken(litt småplukk står att) og nytt tak her. Stova er oppattmåla og gjort koselegare med gardiner m.m. Her kjem på plass to lampettar når Solcelleanlegget er på plass. Det vil også verte gjort litt med uteområde rundt hytta. Det vert tatt sikte på å vere ferdige vår/sommar 2025. Styret i INT sette av kr. 100.000.00 av eigne midlar til restaureringsarbeidet og søkte om midlar gjennom DNT XI – Bygg sitt Hyttefond. Frå XL-Bygg/DNT fekk vi **innvilga kr. 80.000.00**, noko som også har gjort at vi har kunna innvilga oss Solcelleanlegg. Totalt til no har vi nytta kr. 151.622.00 . Med støtta frå XL- Bygg og stor dugnadsinnsats skal vi kome imål med god margin på eit budsjett som i utgangspunktet er på 310.000.00

Overnattingar på Vetledalssetra 2024: **122** (2023 var det 89 overnattingar) 126 registrerte dagsbesøk.. Veldig bra oppgang overnattingsgjester tross at vi har hatt mykje dugnad innvendig.




Opprydding setrevollen Vetledalssetra

Material til gangbruer/diverse til hytta



God trim å bere kjøkkenskap til hytta



Restaurering av
kjøkken på Vetledalssetra




Oppussing av stova






Prosjekt På tur i Oppstryn:

Hausten 2023 starta vi samarbeidet med Oppstryn Utviklingslag om eit tre-årig prosjekt : **På tur i Oppstryn**. Eit ambisiøst prosjekt med eit budsjett på 1.200.000 mill inkludert dugnadsinnsats. Vinter/vår 2024 var det stor aktivitet på søknadsfronten om midlar til oppstart av prosjektet. Ein god del innsats vart lagt ned \m men det har gitt god uttelling. Dei største støttespelarane er Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (midlane går gjennom DNT Sogn og Fjordane) med kr. 100.000.00. Sparebanken Vest med kr. 100.000.00 frå Samfunnsutbyttefondet deira , samt 27.000.00 frå Ildsjelfondet til Sparebanken Vest. Gjennom sitt samfunnsutbyttefond i Sparebanken 1 SMN fekk vi kr.50.000.00. Gjennom Statsskogmillionen (gjeld heile landet) fekk vi 15.000. Det same frå Ping-Pong klubben i Stryn. Særtiltak Stryn Kommune kr. 5.000.00. Totalt har vi fått innvilga 312.000.00 i støtte til prosjektet, står då att å få finansiert 100.000.00. Dugnadsinnsatsen er verdisatt til 720.000.00 og eigenkapital frå INT til ca.40.000.00. I 2024 har vi brukt ca.62.000.00 – dei store utgiftene kjem i 2025 og 2026 når ein skal finansiere infoskilt/markedsmateriell/event. om vi må nytte helikopter til transport til ulike område. Ansvarsgruppa er samansett av personar frå 12 dalføre i Oppstryn, samt leiar i Rute/Hytteutvalet INT og delvis Utmarksressurs som er vår samarbeidspartnar på skilt. Mest arbeid i 2024 er utført i Glomsdalen/Sunndalen/Erdalen. Når alt er ferdig vil ein ha 10 mil med merka stinett i Oppstryn, til glede for både fastbuande og tilreisande. Heile prosjektet har som formål å legge til rette for å nytte naturen som kjelde til livskvalitet. Arena for opplevingar og fysisk aktivitet. Ein vil rydde stiar,merke og skilte,infotavler ved startpunkt(event. også ved kulturminner i områda),nettsideutgåve med grundig informasjon,brosjyrer,heimesidene til INT og Oppstryn Bygdeutviklingslag. Alle stiar og ruter vil ligge i rett i kartet og Ut.no.







Indre Nordfjord Turlag



Onsdagsturar 2024

Det var mykje ruskever i 2024, noko som nok gjenspeiler deltaking på onsdagsturane og. Vi fekk gjennomført 12 turar med tilsamen mellom 80 -90 deltakarar. Vi satsar på nytt i 2025 og håpar både på betre ver og minst det dobbelte av deltakarar.



Utsikt frå Juvstøylen



Indre Nordfjord Turlag



Andre arrangement:

I slutten av mai arrangerte INT i samarbeid med Stryn Kommune eit vellykka arrangement ved Nasjonalparksenteret. Turlaget ordna med opplegg og transport/Stryn Kommune med påmelding og deltaking frå ansatte i Flyktingtenesta. Ca. 40 om med bussen, andre kom med privatbilar, så totalt ein plass mellom 50 – 60 var med inkludert vi frå turlaget. Først fekk dei ei omvisning i Nasjonalparksenteret, kinosalen, skredrommet. Så gjekk vi til nauset og mange fekk prøve kano og supbrett for første gong. Det vart travelt for våre folk som skulle passe på at ikkje nokon gjekk ut i vatnet utan tilsyn. Heldigvis var der også med folk for flyktingtenesta som kunne vere med ut på vatnet med dei yngste. Grilling,bading og testing av supbrett og kano fall i smak. I skulle vere ferdige i 4-tida, men klokka vart nærmare 18.00 før vi avslutta. Kjekt å sjå kor borna glødde opp og storkosa seg.





Stortingspresident på vitjing:

26. Juni fekk vi besøk av Stortingspresident Masud Gharahkhani som på førehand hadde avtalt ein nærtur med oss i turlaget. Det var først tenkt ein tur til Hoven og vidare mot Staurinibba, men det vart det for lite tid til. Vi fekk heller istand ein nærområdetur der vi starta frå Tonningssetra. I lag med mange frå gålaget fekk presidenten oppleve eit nærturområde i flott ver saman med ivrige tur-deltakarar. Flott at så mange kunne stille med kun 2 dagars varsel. Frå Tonningssetra gjekk turen retning Holsetra, der det vart ein liten rast for drikke, kart over fjella rundt Stryn vart gjennomgått og for «oslofolk» vart også sauene rundt oss ivrig filma. Begeistringa over fjella og naturen viste at turen fall i smak. På veg ned att vart det servert lunsj som turlaget stod for. Deretter gjekk vi via hyt-tefelte Hydla, ned mot Dagsturhytta og Hynnelsbrua, vidare ned til Sandbakken og Øyra der bilane var parkert. Herifrå gjekk turen deira vidare og politisk møte om kvelden i Ålesund.





Kurs gjennomført i 2024

Kursing INT 2024.

Kurs har også i år vore prioritert, og kurs gjennom DNT er både lærerikt og kjekt! Dette gir oss kunnskap som vi igjen kan dele vidare med dei som er med oss på tur, og vi kan planlegge fine tura. Ein vert aldri utlærde, og spesielt topptura på ski er det mange faktora som må vurderast og takast omsyn til før ein drar avgårde.

15.-16. februar hadde vi Førstehjelpskurs med Stryn Røde kors, og der var vi 10 stk som deltok fra iNT. Dag 1 var teori inne, med fokus på nedkjøling og førstehjelp ved fall/ulykke i fjell og på ski. Dag 2 Stryn skisenter med praktisk del med ulike scenario og bruka av sender/mottakar.

Vidaregåande skredkurs NF, Kårdal fjellstove, Bergen turlag, 1.-3. mars 2024



6.-9. September Sommarturleiarkurs fjellsportorientert del 1, Patchellhytta



20.-22. September Sommarturleiarkurs del 2, Kolåstindhytta, Molladalen. Odd Henrik, Terese og Bente

